



Norges astma og allergiforbund, region vest
v/ Hildur Østbø

Dato: 07.05.2014
Vår ref.: 2014/12424-46
Saksbehandlar: ellsynn
Dykkar ref.:

Tilskot til fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv 2014 – Tilsegn om kr 73 000,- til prosjektet ” Bare gjør det – du kommer ikke til å angre!”.

Vi viser til søknaden dykkar datert 11.02.14. Vi er glad for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver kr 73 000,- til prosjektet ” Bare gjør det – du kommer ikke til å angre!” frå budsjett for Folkehelse 2014.

UTBETALING

Beløpet vert overført så raskt som råd etter de har fylt ut og sendt inn vedlagt akseptskjema. Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetaling skal betalast attende snarast.

VURDERINGSGRUNNLAG

Hordaland fylkeskommune fekk i 2014 kr 900 000,- til fordeling frå Helsedirektoratet. Det kom inn 37 søknadar innan fristen. Fordelinga er samordna med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar innan fysisk aktivitet og friluftsliv. Vi ser at vilkår og kriterier for tildeling er oppfylt for dykkar prosjekt, og etter ei samla skjønsmessig vurdering får de tilsegn.

PROSJEKTGRUNNLAG OG ORGANISERING

Målet med prosjektet er i følgje søknad å auke fysisk aktivitet hjå personar med lungelidingar, spesielt hjå born og unge. Dette ynskjer ein å oppnå ved å arrangere aktivitetar for denne gruppa som eit springbrett til vidare deltaking i sitt nærmiljø.

Kontaktperson for prosjektet: Hildur Østbø

GODKJENDE KOSTNADAR OG GODKJEND FINANSIERINGSPLAN

Som informert om per e-post er budsjett og finansieringsplan sendt i søknaden ikkje godkjend. Vi ber om at revidert budsjett og finansieringsplan vert ettersendt saman med akseptskjema. Her må det gå fram at Norges Astma og Allergiforbund, region Vest har 50% eigenfinansiering av prosjektet. Tilsegn er avhengig av at revidert budsjett og finansieringsplan vert godkjend.

VILKÅR FOR TILSKOT

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen så raskt som mogleg, og seinast **innan 3 veker**.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan.
- Tilsegnsmottakar skal levere rapport og sluttregneskap som nemnt under.
- Det er ein føresetnad at prosjektet vert finansiert slik godkjend kostnads- og finansieringsplan ovanfor viser. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake.
- Midlane skal nyttast i løpet av 2014. Ved ubrukte midlar, ta kontakt innan **30.11.14**.

Profilering

I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

Rapportering og sluttrekneskap

Seinast innan **15. desember 2014** skal tilsegnsmottakar sende sluttrapport og sluttrekneskap til Utviklingsseksjonen ved Hordaland fylkeskommune. Sluttrekneskapsskjema er vedlagt. Skjema for rapportering vert ettersendt.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Riksrevisjonen har også høve til slik kontroll, jf. Stortinget sitt Løyvingsreglement §10.

Klage/innsyn i dokumenta

Behandling av søknadar i tilskotsordninga vert ikkje sett på som enkeltvedtak, og i fylgje Forvaltningslova § 2, første ledd bokstav a og b, er det ikkje klagerett.

Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for tilskotsordninga er Ellen Strøm Synnevåg, tlf 55378017, e-post Ellen.Strom.Synnevag@hfk.no.

Ved spørsmål etter 15.07.14, ta kontakt med Anne Mette Nesje Porten, e-post anne.mette.nesje.porten@hfk.no.

Fylkeskommunen ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Med helsing

Bård Sandal
Regionaldirektør

Ellen Strøm Synnevåg
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Akseptskjema
Sluttrekneskapsskjema